



ÅRSMØTE

Bjørnafjorden Næringsråd

Onsdag 10 juni 2020 kl 16:00

Digitalt årsmøte – zoom

Innkalling og vedlegg

Bjørnafjorden Næringsråd

Torgata 14

5200 Os

Kontakt: synnove@bjornafjordennaringsraad.no

Telefon: 941 50 169

INNHOOLD

VEDLEGG

- Innkalling til årsmøte
- Styrets årsberetning
- Årsregnskap 2019
- Vedtekter
- Kontigentsatsar
- Valkomiteens instilling
 - Styreleiar
 - Styremedlemmer
 - Varamedlemmer
 - Neste års valsnemnd
 - Revisor for 2020

VI HÅPER DU KAN KOME. HUSK
PÅMELDING!

INNKALLING



Bjørnafjorden
næringsråd

INNKALLING

Årsmøte i Bjørnafjorden Næringsråd.

Når: Onsdag 10 juni kl 16:00

Kvar: Gjennomførast digitalt, link vil bli tilsendt ved registrering

Program Årsmøte

1. Registrering av medlemmer
2. Godkjenning av innkallinga
3. Val av møte funksjoner. Møteleder og 2 stk til å underskrive protokollen
4. Styrets årsberetning for 2019
5. Regnskap og balanse for 2019
6. Kontingentsatsar
7. Val

Framlegg til saker på årsmøtet må leverast skriftleg til styret innan to veker før årsmøtet.

E-post: Synnove@bjornafjordennaringsrad.no

Her kan du laste ned:

- Styrets årsberetning for 2019
- Årsregnskap for 2019
- Vedtekter
- Styrets innstilling til nye kontingentsatsar.
- Valkomiteens innstilling til styre 2020/21 og Styrets innstilling til valnemnd neste år

§8 Røystereglar:

“Alle saker i styre og årsmøte vert avgjorde med vanleg fleirtal med unnatak av dei tilfelle som er nemnde i paragraf 9 (Oppløysing) og 10 (Endring i vedtekter). Er røystetalet likt, er leiaren si røyst avgjerande. Ein kan berre røyste ved personleg frammøte eller ved skriftleg signatur eller e-post.”



Styrets årsberetning Bjørnafjorden Næringsråd

Årsrapport Bjørnafjorden Næringsråd 2019/2020.

1. Styrets sammensetning Bjørnafjorden Næringsråd 2019/2020:

Styremedlemmer:

- Jan Erik Røstbø – styreleder
- Vigdis Øvreeide – nestleder
- Magne Brekke
- Irene Rye Skrugstad
- Kåre Mongstad
- Veronica Halhjem
- Bjørg Mette Holmefjord Antonsen

Vara:

- Marthe Aalmen Kristensen
- Hans Parnefält

2. Styrets arbeid.

Styret har hatt 10 styremøter:

- 1) 7 januar 2019
- 2) 3 april 2019
- 3) 26 april 2019
- 4) 21 mai 2019
- 5) 14 juni 2019
- 6) 22 august 2019
- 7) 27 september 2019
- 8) 23 oktober 2019
- 9) 21 november 2019
- 10) 11 desember 2019

Styret heldt et ekstraordinært styremøte 21 januar 2019, og årsmøtet ble heldt 28 mai 2019 på Bar(t) i Os.

I tillegg har representantar frå styret vært engasjert i møter for noen av prosjektene, bla Fjordfondet.

3. Administrasjon, arbeidsmiljø, sykefravær, likestilling

Bjørnafjorden Næringsråd har hatt to 50% stillingar i prosjektengasjement – begge ble avslutte i 2019. Fredrik Schmidt Fotland hadde rollen som forretningsutvikler til mai 2019. Mette Fagerli hadde rollen som dagleg leder ut desember 2019. Styret besluttet at det var behov for en dagleg leder i en 100% fast stilling, og begynte ansettelsesprosessen.

Styret mener arbeidsmiljøet i selskapet er tilfredsstillende. Det har ikkje vore skader eller ulykker i 2019.

Bedrifta har hatt to prosjektansatte på 50 % engasjement, hvorav 1 mann og 1 kvinne. Styret består av 4 menn og 5 kvinner. Styret har ikkje funnet det nødvendig å iverksette spesielle tiltak med hensyn til likestilling. Bedriften forurensar ikkje det ytre miljø.

4. Medlemmer.

Vi fakturerte medlemsmassen frå Bjørnafjorden Næringsråd i september 2019. Bjørnafjord Næringsråd hadde da 220 medlemmer og antallet medlemmer øker jevnlig.

5. Aktivitetar Bjørnafjorden Næringsråd i 2019

Vi har hatt eit travelt og veldig innhaldsrikt år i Bjørnafjorden Næringsråd i 2019. Noen av arrangementa og aktivitetane var:

- **2 Vaffelfredag**
- **11 Frokostmøter og Virkemiddeldager** i samarbeid med Bjørnafjorden Gründerpark, fordelt på Os og Fusa
- **Liv Laga** på Fusa
- **2 afterwork** i samarbeid med Fjordfolk
- **2 Laus onsdag** på Bar(t) i Os med interessante intervjuobjekter, øl, mat og nettverksbygging
- **Skattefunnseminar**
- **Skaparkraft** og innovasjonsuke i samarbeid med Fusa Kraftland
- **Ungt Entreprenørskap:** møter, veiledning og inspirasjon til ungdomsbedrifter. Det hele endte med en Ungdomsbedrift pitch konkurranse for ungdomsbedrifter fra Os Vgs, Os Gymnas og Fusa Vgs
- **Bjørnafjord Næringskonferansen** i november
- **Julemiddag** på på Eikhaugen Gjestegard
- **Fjordfondet** – samarbeid mellom SPV og Bjørnafjorden Næringsråd ble det delt ut 400.000kr til bedrifter med ambisjoner om nyskaping og innstilling. Følgende åtte bedrifter fikk tildelt midler:
 - Osøyro Kolonial: 75.000kr
 - Engevik Gard: 75.000kr
 - Ilder: 50.000kr
 - Slowcruise: 50.000kr
 - Norden Marine Bearing: 50.000kr
 - Fjordfolk: 50.000kr
 - Speedy Tools: 25.000kr
 - Sykkelkomponentene: 25.000kr
- Mange **1:1 møter** med næringsliv/prosjekter/offentlege

6. Årsregnskap, resultatrapport, balanse og noter.

Fortsatt drift:

Årsregnskapet for 2019 er satt opp under forutsetning av fortsatt drift. Det bekreftast herved at forutsetninga om fortsatt drift er til stede. Styret meiner at årsregnskapet gir et rettviseende bilde av selskapets eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Underskrifter:

Jan Erik Røstbø – styreleiar : _____

Vigdís Øvreeide- nestleiar : _____

Magne Brekke : _____

Irene Rye Skrugstad : _____

Kåre Mongstad : _____

Veronica Halhjem : _____

Björg Mette Holmefjord Antonsen : _____

Vara:

Marthe Aalmen Kristensen: _____

Hans Parnefält : _____



Resultatregnskap

BJØRNAFJORDEN NÆRINGSRÅD
2019 sammenlignet med 2018

	2019	2018	Diff %
Selgsinntekt	1 516 565	884 577	75%
3100 MEDLEMSKONTINGENT	461 722	299 577	54%
3105 Annen inntekt	0		
3110 TILSKUDD	654 843	365 000	79%
3120 FJORDFONDET	400 000	200 000	100%
Sum driftsinntekter	1 516 565	884 577	75%
Varekostnad	1 191 502	388 358	223%
4500 Fremmedytelse og underent	523 750	300 000	75%
4501 Underholdning arrangement		68 358	-100%
4502 Arrangement og kurs	40 745	0	
4503 Arrangementskostnader for r	0		
4505 Prosjektkostnader	627 007		
Lønnskostnad	0	0	
5890 Annen refusjon	0		
5990 Annen personalkostnad	0	0	
Annen driftskostnad	117 916	381 080	-69%
6300 Leie lokale	24 900	17 430	43%
6420 Leie datasystemer	6 953	1 247	458%
6540 Inventar	-1 029	34 559	-103%
6551 Datautstyr		18 191	-100%
6560 Rekvizita	0		
6700 Revisjons- og regnskapshono	33 138	36 956	-10%
6790 Annen fremmed tjeneste	0		
6800 Kontorrekvisita	259	728	-64%
6860 Møte, kurs, oppdatering o.l.	4 788	865	453%
6890 Annen kontorkostnad	0		
6907 Internett	2 420		
7140 Reisekostnad, ikke oppgavep	4 320	1 439	200%
7320 Reklamekostnad	17 772	47 415	-63%
7350 Representasjon, fradragsbere	719		
7400 Kontingent, fradragsberettlge	5 000	5 000	0%
7420 Gave, fradragsberettlget		206 395	-100%
7600 Lisensavgift og royalties	5 281		
7710 Styre- og bedriftsforsamlings		1 580	-100%
7770 Bank- og kortgebyr	4 499	2 134	111%
7790 Annen kostnad	8 896	7 139	25%
Sum driftskostnader	1 309 419	749 437	75%
Driftsresultat	207 146	115 140	80%
Annen finansinntekt	1 590	4 071	-61%
8050 Annen renteinntekt	1 590	137	1 081%
8070 Annen finansinntekt		3 934	-100%
Annen finanskostnad		47	-100%
8150 Annen rentekostnad		47	-100%
Netto finansposter	1 590	4 025	-60%
Resultat før skatt	208 736	119 164	75%

Kommentarer til årsregnskap for Bjørnafjorden Næringsråd - 01.01. 2019 – 31.12.2019

- Inntekter på ca 1 516 000: Medlemsinntekter ca 460 000. Ca 30% av total inntekt. Tilskot og prosjektinntekter 1 054 000,- (inkl. periodisert fra 2018)
- Varekostnad:
Honorarer prosjektansatte 523 750,-
Arrangement, kurs og div underholdning/aktiviteter: 40 745,-
Prosjektkostnader diverse prosjekt :
 - Fjordfondet: 400 000,-
 - Bjørnefjordkonferansen: 212 661,-
 - Hengekøyprosjekt: 5 843,-
 - SPV oppussing/utstyr 10 547,-
 - SPV driftsstøtte 36 000,-
 - Div anna just frå 2018 bla -37 896,-
- Lokale, Os kommune: 2 490 pr mnd = 24 900 for 10 mndr
- Reklame: nettside, flyers google, mm

Resultat for 2019: 207 000

2. Balanse 31.12 2019.

Balanse BJØRNAFJORDEN NÆRINGSRÅD per tirsdag 31. desember 2019



		31.12.2019
Eiendeler		
Omløpsmidler		
Fordringer		
Kundefordringer		15 760
Andre fordringer		1 319
Sum Fordringer		17 079
Bankinnskudd, kontanter o.l.		
Bankinnskudd, kontanter o.l.		865 174
Sum Bankinnskudd, kontanter o.l.		865 174
Sum Omløpsmidler		882 253
Sum Eiendeler		882 253
Egenkapital og gjeld		
Egenkapital		
Innskutt egenkapital		
Annen innskutt egenkapital		391 389
Sum Innskutt egenkapital		391 389
Opptjent egenkapital		
Annen egenkapital		327 900
Ud disponert overskudd/underskudd 2019		0
Sum Opptjent egenkapital		327 901
Sum Egenkapital		719 290
Gjeld		
Avsetning for forpliktelser		
Andre avsetninger for forpliktelser		109 157
Sum Avsetning for forpliktelser		109 157
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld		52 247
Annen kortsiktig gjeld		1 560
Sum Kortsiktig gjeld		53 807
Sum Gjeld		162 964
Sum Egenkapital og gjeld		882 253

Merknader til balanse.

Kundefordringer: kr 15 760 – ikkje inndrevne medlemskontingenter pr 311219

Bankinnskudd:

- Kr 646 789 Driftskonto
- Kr 218 385 Kompetansemidler (jf tidl. næringslivslag)
- Sum 865 175

Konto 2160: uopptjent inntekt: kr 109 000,-

Periodiserte tilskudd (ubrukt) over til 2020

- Gjelder delvis tilskudd til utstyr + div prosjekt.

Konto: 2400: Leverandørgjeld: Honorar prosjektstilling desember, bl.a



Vedtekter Bjørnafjorden Næringsråd

§1: Føremål

Bjørnafjorden Næringsråd har som føremål å ta vare på og utvikla næringslivet sine interesser i Bjørnafjorden.

§ 2: Medlemmer

Medlemmer kan vera a) firma, private næringsdrivande og etatar / organisasjonar / lag med tilknytning til næringslivet. b) Personmedlemskap : personar som er knytta til næringslivet og andre som styret antar kan tilføre foreningen impulser av betydning.

-Kvart firma/medlem skal ha 1 stemme. Innmeldinga må vera skriftleg og trer i kraft når medlemskontingenten er betalt. Utmelding skjer skriftleg.

§ 3: Organ

Bjørnafjorden Næringsråd sine organ er: Årsmøtet og Styret

§ 4: Kontingent

Etter tilråding frå styret, fastset årsmøtet medlemskontingent.
Medlem som etter påkrav ikkje har betalt den årlege fastsette kontingenten, vert strøken som medlem.

§ 5: Styret og sekretariat

Bjørnafjorden Næringsråd sitt styre skal vera 7 personar. Det skal veljast 2 varamedlemmer. Styremedlemmene vert valde for 2 år om gongen, slik at halve styret skiftevis står på val kvart år. Leiaren vert vald av årsmøtet ved særskilt val for eit år, elles konstituerer styret seg sjølv, og vel m.a nestleiar. Varamedlem til styret, valnemnd (3personer) og revisor vert vald for 1 år, på årsmøtet.

Styret kan tilsetje lønt dagleg leiar / sekretariat og arbeida ut instruks for denne. Den tilsette eller innleigde daglege leiar / sekretariat står for den daglege drifta i næringsrådet i samsvar med den stillingsinstruks som gjeld til ein kvar tid.

§ 6: Møter

Styret holder møter så ofte styreleiar finn det nødvendig eller 2 styremedlemmer krev det. For at styret skal være beslutningsdyktig, må minst halvparten av styrets medlemmer være tilstade. Over alle styrets møter føres protokoll. Styret er vedtaksført når 3 av medlemmene, mellom desse leiar eller nestleiar, møter. I slike høve må vedtaka vera samrøystes. Leiaren si røyst er avgjerande når røystetalet er likt.

- Styret skal:
 - Aktivt arbeida for å oppfylle føremålsparagrafen og strategisk plan.
 - Fastsetje budsjett og føre tilsyn med økonomien.
 - Ta opp til drøfting alle framlegg eller spørsmål som skriftleg er sende til styret.

§ 7: Årsmøte

Ordinært årsmøte vert vert innkalla med minst tre vekers varsel.

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret eller 1/3 av medlemmene finn det påkrevd. På ekstraordinært årsmøte har ein berre føre den eller dei sakene som har gjeve grunn for innkallinga.

Det ordinære årsmøte har føre:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Medlemskontingent
- Val på:
 - Leiar
 - Styremedlemmer, varamedlemmer, revisor og valnemnda (3 personar)
- Framlegg som styret eller medlemmene ynskjer førelagt årsmøtet. Framlegg til saker på årsmøtet må leverast skriftleg til styret innan to veker før årsmøtet.

Fullstendig sakliste må være tilgjengeleg for medlemmene seinast ei veke før årsmøtet.

§ 8: Røystereglar

Alle saker i styre og årsmøte vert avgjorde med vanleg fleirtal med unntak av dei tilfelle som er nemnde i paragraf 9 og 10. Er røystetalet likt, er leiaren si røyst avgjerande.

Ein kan berre røysta ved personleg frammøte eller ved skriftleg levert fullmakt før årsmøtet, med skriftleg signatur eller e-post.

§ 9: Oppløysing

Oppløysing av Bjørnafjorden Næringsråd kan skje når minst 1/3 av medlemmene krev det og årsmøtet med 2/3 fleirtal av medlemsmassen eller 2 påfølgjande årsmøte vedtek det med vanleg fleirtal.

Ved oppløysing av Bjørnafjorden Næringsråd vedtek årsmøtet, ved vanleg fleirtal, korleis eventuelle midlar skal nyttast.

§ 10: Endring i vedtekter

Endringar i disse vedtekter kan berre foretast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vært på saklista, og det kreve 2/3 fleirtal av de avgitte stemmene.

Endra og vedteke: 28 MAI 2019



Styrets innstilling til kontingent.

Bjørnafjorden Næringsråd ble stiftet 24 mai 2018.

Vi kom i gang med medlemsfakturering september 2018 – og fakturerte medlemmene for eit heilt år H2019/V2020.

Vi gjer som aksjeselskap og har årsmøte, regnskapsrapport og val i mai /juni.

Nytt styre sitter haust og vår. Vi følger rytmen til et aksjeselskap.

Vi fakturerer hele årskontingenten ved oppstart av skoleåret, i august/september.

Innstilling: Medlemskontingenten for 2020/2021 behaldast uforandra, som for 2019/2020, og fakturerast i sin heilheit i august/september 2020.

- Personlege medlemsskap/Enkelmannsføretak (490,-)
- Bedrifter med 1 ansatt (890,-)
- Bedrift med 2-5 tilsette (1.890,-)
- Bedrift med 6-15 tilsette (2.490,-)
- Bedrift med fleire enn 15 tilsette (4.500,-)
- Bedrifter i Os Sentrumsforening, Fjord'n senter og AMFI Os (890,-)
- Nyoppstarta bedrift (49,- første året)



Valkomiteens innstilling

Valkomiteen 2020.

Irene Rye Skrugstad, Loren Ditmarsen & Tore Rykkel

Forslag til nytt styre i 2020 er som følger:

1 styreleiar for 1 år, 4 styremedlemmer for 2 år (1 i Fusa og 2 i Os), samt 1 varamedlem

Innstilling: Styreleiar

- Vigdis Øvreide (1 år)

Innstilling: Styremedlemmer:

- Frank Moberg (2 år) - erstattar Vigdis Øvreide
- Irene Rye Skrugstad (1) – ikkje på val
- Veronica Søylen Halhjem (2 år) – på val, ønsker å fortsette en periode til
- Bjørg Antonsen (1 år) – ikkje på val
- Marthe Kristensen (1 år) – ikkje på val, erstattar Kåre Mongstad
- Magne Brekke (1 år) – på val, ønsker å fortsette 1 år til

Innstilling: Varamedlem:

- Loren Ditmarsen (2 år)
- Hans-Åke Parnefält (1 år) – ikkje på val

Informasjon om nye styre-/varamedlemmer:

- Frank Moberg (nytt styremedlem – inn for 2 år) - Daglig leiar, Octaos AS
- Loren Ditmarsen (ny vara – inn for 2 år) – Dagleg leiar, Engevik Gard

Styrets innstilling til neste års valkomité:

Eit samla styret står ansvarleg for innstilling 2021/2022

Styrets innstilling til revisor:

- Roald Stigen.